



Vest

Landbrukstjenester SA

Styret si årsmelding 2015

Type verksemd og lokalitet

Vest Landbrukstjenester(LT) driv med formidling av avløyssarar til medlemmane i kommunane Hornindal, Selje og Stryn. Vest LT formidlar avløyssarar både ved ferie/fritid og ved sjukdom. Vest LT har landbruksvikarordning ved sjukdom og ferie/fritid. Laget har fått tildelt 2,90 årsverk og får tilskot på kr 270 200 pr årsverk. Vest LT har arbeidsgjevaransvar for alle som dei lønner ut.

Framleis drift/endingar i marknadsforhold

Rekneskapet for 2015 og budsjett for 2016, er sett opp under føresetning av framleis drift av laget. Rekneskapen gjev eit rettvissande bilete av Vest LT. Styret kjenner ikkje til nokon viktige forhold, for å bedømme Vest LT si stilling og resultat, som ikkje kjem fram av resultatrekneskap og balanse m/noter. Det har heller ikkje etter at rekneskapsåret gjekk ut skjedd ting som etter styret si meining har virka inn på bedømming av rekneskapet. Strukturen i landbruket er under stadig ending. Større og færre einingar vil etter kvart påverke omsetninga i Vest LT, i tillegg til forskriftsending vedr. krav til avløyssing og utbetaling av refusjon direkte til bonden frå 01 01 2015. Samanslåing av Hornindal AL og Vest LT i 2015 har likevel styrka drift og omsetning i Vest LT.

Vest LT har medlemskontingent og tar på seg lønnsoppdrag for andre enn bønder.

Arbeidsmiljø, personale og ytre miljø

Vest LT har eige verneombod for avløyssarane. Sjukefråværet i 2015 er 1,00% for avløyssarane, LV og andre oppdrag. Det er 0,78% for kontorpersonalet. Det er ingen registrert yrkesskade i 2015. Vest LT har OTP ordning for sine tilsette. Vest LT forureinar ikkje det ytre miljø.

Likestilling

Styret består av fire menn og tre kvinner. Fordeling av kvinner og menn tilsette i laget: Den tilsette på kontoret er mann, på rekneskapskontoret som laget kjøper tenester av, er det kvinne. Ringavløyssarane er 4 menn. I tillegg to fulltidsavløyssarar (1 kvinne og 1 mann) . Landbruksvikarane og dei med LV-avtale er det 4 menn og 2 kvinner. Av laget sine avløyssarar og familieavløyssarane er ca halvparten kvinner.

Disponering av årsresultatet

Årsresultat for 2015: - Kr 145 488 (underskot)

Dekkast av fri eigenkapital: kr 145 488 (ny fri EK kr 544 901)

Ulvedal 15. mars 2016




Knut Sigurd Gald
- dagleg leiar -



Heidi Håheim
- styremedlem -



Norunn Britt Rygg Seljeset
- styremedlem -




Knut Johan Tjugen
- styreleiar -




Sonja Skaare Esperø
- styremedlem -



Joar Sunde
- tilsetterepresentant -



Johnny Seljeset
- nestleiar -



Salvatore Ligia
- styremedlem -



Magnar Barmen
- vara styremedlem -

Vest Landbrukstjenester
Tonningsgata 4
6783 Stryn

tlf: 57 87 18 22
vaktlf: 488 94 245
e-post: vlt@n-lt.no

org.nr: 871 366 802 MVA
<http://www.vest-landbrukstjenester.no>
Sparebanken Sogn og Fjordane 3795 10 24172

Besøksadresse: Nordsida Næringsstove, Ulvedal.

Opningstider kl 09 – 15 måndag, tysdag og torsdag